



Laurin Hansen
Elisesvei 9
3244 SANDEFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2308 - 14/8896

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@radoy.kommune.no

Dato:
25.08.2014

Gbnr 94/80 Bognøy - Krav om retting av matrikkelkart. Avslag.

Syner til motteke krav om retting av matrikkelkartet motteke 13.08.2014.

Ut frå motteke skyldskifte og kart vedlagt tidlegare søknad finn me det ikkje godt nok dokumentert kvar eigedomen ligg. Skyldskifte refererer ikkje til nokon av naboeigedomane. Me finn det derfor ikkje rett å rette grensene for eigedomen i kartet. I matrikkellova sin §26 står det at kommunen kan rette opplysingar i matrikkelen. I departementet sine kommentarar til §10 i matrikkelforskrifta står det vidare att kommunen må vurdere om det ligg føre tilstrekkeleg dokumentasjon for kravet. Det synest heilt klart at grensene som ligg i matrikkelkartet i dag er feil. I dagens kart er eigedomen teikna som ein åttekant. Dette tyder på at ein ikkje veit nøyaktig kvar eigedomen ligg. Men når ein ikkje har dokumentasjon på kvar eigedomsgrensene skal teiknast må eigedomen ligga i kartet slik den gjer inntil ein får betre dokumentasjon på plass.

Slik vi ser det er det to moglege vegar til å få teikna eigedomen rett inn i kartet.

Ein kan anten rekvirere oppmålingsforretning gjennom kommunen. Dette er orientert om i tidlegare brev.

Eller ein kan få private til å måle opp. Eit krav om retting medfølgjande innmålingsdata vil då verta sendt på høyring til naboane før eventuell retting vert gjort. I utgangspunktet må naboane vera samde i rettinga.

Ut frå dette avslår Radøy kommune krav om retting av matrikkelekartet når det gjeld gnr.94 bnr.80. Avslaget er heimla i §26 i matrikkellova.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt oppmålingsingeniør Kjartan Medaas.

Med helsing

Kjartan Medaas
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Rekvisisjon-av-oppmaalingsforretningNN

Mottakere:

Laurin Hansen

Elisesvei 9

3244

SANDEFJORD